


Statsbudsjettet 2017 – kommuneøkonomien i Nordhordland

Med unntak av Fedje og Modalen så ser det ut til at kommunane i Nordhordland får ein auke i frie inntekter i 2017 som er lågare enn det som er forventa for landet totalt.

Den nominelle veksten for landet er forventa til å vere på 2,7 % og lønns- og prisveksten er forventa å vere 2,5 %. Det gir ein realauke på 0,2 %. Den låge pårekna veksten i frie inntekter frå 2016 til 2017 har samanheng med den ekstraordinære skatten i 2016 (inntektene har auka meir enn det ein trudde i utgangspunktet). Ekstra skatteinntekter i 2016 betyr at kommunane bør oppnå eit godt økonomisk resultat dette året for å kunne stå godt rusta for året 2017.



Tar Osterøy som eit døme. Anslagsvis ein vekst på 1,9 %. Lønns og prisveksten er forventa til å vere 2,5 %. Det betyr forenkla at Osterøy må redusere aktiviteten i 2017 dersom dei ikkje har ein buffer med seg frå 2016. Det vil gjelde alle kommunane med rødt søyler.

Hovudårsaken til forskjellane i vekst i frie inntekter er:

- verknad av omlegginga av inntektssystemet
- oppdatering av kostnadsnøkklane i utgiftsutjamninga
- endra kriteriedata (t.d. talet på eldre) og talet på innbyggjarar samla
- endring i veksttilskot
- endring i distrikttilskot

Hovudårsaka til at Modalen og Fedje kjem godt ut er at dei får ikkje redusert basistilskottet og basistilskottet aukar frå 13,2 mill kr til 15 mill kr (nesten 14 %), dei nyt godt av den auken fullt ut.

Dei tre kommunane (Lindås, Radøy og Meland) som har vedteke å slå seg saman vil få ein kompensasjon for redusert basistilskott. Det er ikkje tatt med no, men det vil gi desse kommunane ein auke.

I tillegg til disse frie inntektene kjem inntektene frå eigedomsskatt og konsesjonskraft.

Dei frie inntektene pr innbyggjar speglar i stor grad kommunane sin kostnadsindeks.

